



Statsforvaltaren I Vestland
Njøsavegen 2
6863 Leikanger

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/4839 - 23/27671

Saksbehandlar:
Einar Aase
einar.aase@alver.kommune.no

Dato:
17.04.2023

Oversending av klage til endeleg handsaming - gbnr 12/31 Veland

Saka gjeld

Alver kommune viser til klage datert 06.11.2022 på gebyr gitt i sak datert 14.10.2022.

Klaga er fremja av part i sak jf. fvl.§2 første ledd bokstav e). Klaga er fremja innanfor klagefrist.

Klaga omfattar klage på gebyr i forbindelse med vedtak i byggesak datert 14.10.2022 for løyve til fasadeendring og oppføring av veranda.

Det er i klaga vist til at sak vart sendt inn 14.06.2022, og at vedtak er datert 30.09.2022. Vidare er det vist til at saksbehandlingsgebyr skal tilbakebetalast grunna sakshandsamingstid på 3,5 månadar, etter plan- og bygningslova.

Sjå vedlegg for full klage.

Vurdering

Det er klaga på gebyr grunna brot på sakshandsamingstid. Dette er her tolka som om at det er klaga på at sak ikkje er handsama innan frist, og at det dermed er grunnlag for tilbakebetaling av gebyr etter SAK10 §7-6.

For at det skal vere grunnlag for tilbakebetaling av gebyr etter SAK10 §7-6 er det ein føresetnad at det er broten tidsfrist i sak som vert fanga opp av SAK10 §7-4 bokstav a) eller pbl.§21-7 første eller fjerde ledd. Den aktuelle saka er ikkje vurdert til å bli fanga opp av SAK10 §7-4 a) eller pbl.§21-7 fjerde ledd, ettersom det ikkje er søkt om dispensasjon etter plan- og bygningslova. Saka er jamvel vurdert til å bli fanga opp av pbl.§21-7 første ledd, ettersom tiltak var avhengig av løyve etter anna regelverk. Det går fram av denne bestemmelsen at søknad skal handsamast innan 12 veker

etter at fullstendig søknad ligg føre, med mindre anna følgjer av andre og tredje ledd i §21-7.

Det er i klage vist til at søknad er sendt inn 14.06.2022, og at frist er broten ettersom vedtak er datert først 14.10.2022. Kommunen viser jamvel til at tiltak var avhengig av dispensasjon frå veglova §29 for avstand til veg. Dette løyvet låg føre først 30.09.2022. Det er vurdert at søknad va «fullstendig» først den 30.09.2022. Vedtak i sak er datert 15 dagar etter denne dato. Det er følgjeleg vurdert at sak er handsama innanfor sakshandsamingsfrist i pbl.§21-7 første ledd.

Kommunen si vurdering er at det ikkje er grunnlag for tilbakebetaling av gebyr etter SAK10 §7-6, ettersom sak er handsama innanfor tidsfrist i pbl.§21-7 første ledd.

Klaga vert sendt til Statsforvaltaren i Vestland for endeleg avgjerd.

Med venleg helsing
Alver kommune

Eirik Berntsen
Avdelingsleiar

Einar Aase
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Søknad om dispensasjon frå byggegrense
Sak 22/4839

Løyve til fasadeendring og oppføring av veranda - gbnr 12/31 Veland

Søknad om tillatelse til tiltak uten ansvarsrett oppføring av terrasse og fasadeendring - gbnr 12/31 Veland

4 Kvittering nabovarsel

5 svar på nabovarsel 12/23/0

6 Svar på nabovarsel 12/14/0

7 Svar på nabovarsel 12/61/0

8 D01-Situasjonsplan omtegnnet bolig

9 E01-Fasader Eksisterande bolig

10 E02-Plan og snitt Eksisterande bolig

11 Tegning ny fasade - E03-Fasader omtegnnet bolig

12 Tegning nytt snitt_E04-Plan og snitt omtegnnet bolig

13 Q01-Fullmakt signert

16 Opplysninger gitt i nabovarsel

Etterlyser tilbakemelding på klage - gbnr 12/31 Veland

Etterlyser svar på klage - gbnr 12/13 Veland

Vedlegg:

Klage på saksbehandlingsgebyr - gbnr 12/31 Veland
Fakturagrunnlag - gbnr 12/31 Veland

Kopi til:

Eva Hindenes	Veland 16	5993	Ostereidet
Finn Christiansen	Veland 16	5993	OSTEREIDET
Kålås Bygg As	Torvhusmyrane	5913	EIKANGERVÅG
	2		

Mottakarar:

Statsforvaltaren i Vestland	Njøsavegen 2	6863	Leikanger
-----------------------------	--------------	------	-----------